



Uttale til søknad om konsesjon for konsesjonspliktige endringar – Fyresdal Solkraftverk

1. Innleiing

Fyresdal kommune syner til Solgrid AS sin søknad av 26.02.2026 om konsesjonspliktige endringar for Fyresdal solkraftverk. Endringane omfattar:

1. Forlenging av konsesjonsperioden frå 30 til 40 år
2. Endring av effektavgrensing frå 14,8 MWp til MVa
3. At konsesjonsperioden skal reknast frå dato anlegget setjast i drift

Fyresdal kommunestyre handsama den opphavlege konsesjonssøknaden i sak 84/24 den 28.11.2024 og vedtok:

«Fyresdal kommune vil ikkje gi rom for å etablere solkraftverk i området som er omtala i saka.»

Dette vedtaket ligg fast og er styrande for kommunen si vurdering av endringssøknaden.

2. Overordna vurdering

Planområdet som omfattar Fyresdal Solkraftverk er eit strategisk viktig utviklingsområde for Fyresdal kommune. Det ligg i direkte tilknytning til:

- Molandsmoen industriområde
- EdgeConneX si etablering av eit av Nordens største datasenter
- flyplassen og tilhøyrande aktivitetstilgjenge
- sentrumsnære bustadområde

Kommunen har i fleire år arbeidd for å leggje til rette for industrietableringar på Molandsmoen, og no næringsutvikling knytt til overskotsvarme frå datasenteret. Dette krev tilgang på eigna areal i nærleiken av Molandsmoen.

Solkraftverket legg beslag på 272 daa areal aust for Fyresdal Flyplass. Anlegget bidreg ikkje til lokal verdiskaping, arbeidsplassar eller kommunale inntekter. Det vil derimot binde opp eit stort og sentrumsnært areal i fleire tiår framover, og slik hindre kommunen i å utvikle framtidens næringsliv.

Endringssøknaden frå Solgrid AS reduserer ikkje dei ulempene kommunen peika på i 2024. Tvert imot vil endringane forsterke dei negative konsekvensane ved anlegget.



3. Vurdering av dei omsøkte endringane

3.1 Forlenging av konsesjonsperioden frå 30 til 40 år

Ei forlenging av konsesjonsperioden vil:

- binde opp eit strategisk viktig areal i minst 40 år + byggjetid
- utsetje moglegheita for alternativ næringsbruk i ytterlegare 10 år
- forsterke konflikhtar knytt til flyplassaktivitet, friluftsliv og bu- og blilyst

Fyresdal kommune vurderer at ei slik forlenging er uforeinleg med kommunen sine arealstrategiar og framtidige utviklingsbehov.

Kommunen tilrår at endringa vert avslått.

3.2 Endring av effektavgrensing frå MWp til MVa

Ei endring frå MWp til MVa vil:

- gje Solgrid større fleksibilitet til å endre utforming og omfang av anlegget
- kunne medføre større tekniske inngrep enn det som låg til grunn i opphavleg søknad
- auke usikkerheita om visuell påverknad, drift og konsekvensar for naboar og flyplass
- svekke kommunen si moglegheit til å vurdere framtidig arealbruk

Då kommunen allereie har sagt nei til prosjektet in sin heilskap, er det ikkje grunnlag for å støtte ei endring som gjer prosjektet meir omfattande og mindre føreseieleg.

Kommunen tilrår at endringa vert avslått.

3.3 Konsesjonsstart frå dato for driftsstart

Å flytte startpunktet for konsesjonsperioden til den dato anlegget setjast i drift vil:

- forlenge arealbindinga ytterlegare
- skuve tidspunktet for tilbakeføring av området langt fram i tid
- redusere kommunen sitt handlingsrom i fleire tiår

Dette er ikkje i tråd med kommunen sine interesser eller utviklingsstrategiar.

Kommunen tilrår at endringa vert avslått.



4. Samla vurdering

Fyresdal kommune opprettheld kommunestyrevedtaket frå 28.11.2024 om at det ikkje skal etablerast solkraftverk på Molandsmoen. Endringssøknaden frå Solgrid AS endrar ikkje dei grunnleggjande forholda som låg til grunn for dette vedtaket.

Kommunen vurderer at:

- planområdet er avgjerande for framtidig næringsutvikling
- solkraftverket ikkje bidreg til lokal verdiskaping
- endringssøknaden forsterkar dei negative konsekvensane
- kommunen ikkje kan akseptere ei ytterlegare binding av arealet

5. Konklusjon

Fyresdal kommune tilrår at NVE avslår alle tre omsøkte endringane.

Fyresdal kommune 21.05.2026